

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Suldal kommune, Rogaland.

INNHold

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Suldal kommune, Rogaland.

- § 1. Formål
 - § 2. Verkeområde
 - § 3. Definisjonar
 - § 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar
 - § 5. Unntak frå forbodet
 - § 6. Dispensasjon
 - § 7. Tilsyn
 - § 8. Klage
 - § 9. Straff/Sanksjon
 - § 10. Ikrafttredelse
- Kommentarar til forskrifta
-

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Suldal kommune, Rogaland

Fastsatt av Suldal kommune dato 01.06.2019 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (Forureiningslova) § 9, jf. delegeringsvedtak 19. juli 2001 nr. 1706.

§ 1. *Formål*

Formålet med denne forskrifta er å forhindre forureining og helseproblem i kommunen som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

§ 2. *Verkeområde*

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor kommunens grenser.

§ 3. *Definisjonar*

I denne forskrift meiner ein med:

- a) *Open brenning*: All brenning som skjer utandørs.
- b) *Småomnar*: Forbrenningsomnar som ikkje har utsleppsløyve frå Klima- og forureiningsdirektoratet eller fylkesmannen, eller er tillaten etter statlege forskrifter etter forureiningslova.

§ 4. *Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar*

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode, med mindre anna følgjer av forskrifta § 5.

§ 5. *Unntak frå forbodet*

Følgjande brenning skal likevel være tillaten, så lenge dette ikkje er i strid med anna lovgiving:

- a) Open brenning på grillinnretningar, utepeisar og bål brukt i tradisjonelt friluftsliv.
- b) Brenning av trevirke i vedomn, med unntak av impregnert treverk.
- c) Brenning av avisopapir og liknande til opptenning i vedomn.

d) Sankthansbål og Olsokbål, under føresetnad av at det vert brukt reint trevirke. Brenning av Sankthansbål skal vera knytt opp mot Sankthans arrangement. Brenning av Sankthansbål som er blitt utsett grunna vêrtilhøve kan etter avtale tillatast brent i ettertid.

e) Brenning av tørt hageavfall avgrensast til måndag til laurdag. Det skal ikkje brennast på søndagar og offentlege fridagar. Brenninga skal vera avslutta før mørkets frambrøt. Kommunen kan forby brenning nær skular, barnehagar, idrettsanlegg, helseinstitusjonar og tettbygde områder. Dersom den som brenn burde forstå eller blir gjort merksam på at nokon blir sjenert av brenninga, skal brenninga straks avsluttast.

f) Brenning av bråte, samt brenning av gras og lyng til beiteforbetring. Brenninga skal vera avslutta før mørkets frambrøt. Kommunen kan forby brenning nær skular, barnehagar, idrettsanlegg, helseinstitusjonar og tettbygde områder. Dersom den som brenn burde forstå eller blir gjort merksam på at nokon blir sjenert av brenninga, skal brenninga straks avsluttast.

g) Brenning i forbindelse med brannundervisning / brannøvingar. Brenning av bygning i forbindelse med øving i regi av brannvesenet og sivilforsvaret. Bygning skal vera miljøsanert og øvinga må dokumenterast.

For brenning knytt mot pkt. d, e, f og g må det innhentast løyve frå brannvesenet.

§ 6. Dispensasjon

Kommunal forureiningsmyndigheit kan i særlege tilfelle dispensera frå forbodet i § 4 etter skriftleg søknad. Søknaden skal ligge føre i god tid, seinast 14 dagar før brenninga skal finne stad.

§ 7. Tilsyn

Kommunal forureiningsmyndigheit førar tilsyn med at føresegnene i denne forskrift vert halde.

§ 8. Klage

Vedtak treft i medhald av denne forskrift kan påklagast til Teknisk hovudutval.

§ 9. Straff/Sanksjon

Brot på denne forskrift kan medføra straffeansvar iht. forureiningslovas føresegner.

§ 10. Ikrafttreden

Forskrifta trer i kraft 01.06.2019.